

5475 Ænes, 25.04.2016

Kleivo 4,

5475 Ænes

Norges vassdrags-og energidirektorat,

Postboks 5091,

0301 OSLO

UTTALE TIL SØKNAD OM LØYVE TIL UTTAK AV VATN FRÅ ÆNESVASSDRAGET I KVINNHERAD KOMMUNE

Syner til NVE sitt brev av 08.03.2016, dykkar ref:201506172-7, arkiv 313, der Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS søker om løyve til uttak av vatn frå Æneselva i Ænesvassdraget.

Ænes elveeigarlag er ein organisasjon av fiskerettshavarar i Æneselva. Laget sitt område går frå til elvosen og opp til Hestabotn. Medlemskapen i laget er knytt til eigedomen.

Følgjande eigedomar er med i Ænes elveeigarlag:

Gardsnr. 64, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14 og 22, som alle også hevdar å ha rettar til vatnet i Æneselva.

Etter § 3 i vedtektene til elveeigarlaget, som vart skipa 21. oktober 2004, skal laget forvalta fiskeressursane i Æneselva, og leggja til rette for fiske og næringsutvikling. Vidare skal laget fremja medlemmane sine interesser ovafor offentleg forvaltning og andre aktørar.

Ænes elveeigarlag er positiv til søknaden frå Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS, og meiner ei minstevassføring på 300 l/s heile året vil ivareta fisken i elva. Eit vassuttak på 6-60 l/s til drift av anlegget er lite, og vil ha liten negativ effekt på fisken sjølv også om ein må auka uttaket til 200 l/s i korte periodar for å fylle opp vassmagasin/oppdrettskar i anlegget.

For styret i Ænes elveeigarlag

Terje M. Enes

(leiar)

e-post: terje.m.enes@knett.no

mob: 917 30 025